



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Torill Veftenstad, 5557 2243

Vår dato
22.02.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/2403 721.14
Dykkar referanse

Til kommunane i Hordaland
v/overordna fagleg ansvarlig i høve
helse- og omsorgstenestelova kapittel 9

Om innsending av meldingar om skadeavverjande tiltak i nødssituasjonar etter helse- og omsorgstenestelova kapittel 9

Dette brevet erstattar vårt brev om endra praksis datert 20.01.2009.

Bruk av tvang og makt som skadeavverjande tiltak i nødssituasjon:

Bruk av tvang og makt som skadeavverjande tiltak i nødssituasjon etter § 9-5 tredje ledd bokstav a) skal sendast inn som ei enkeltmelding. Det er visse formkrav til meldinga, jamfør helse- og omsorgstenestelova § 9-7 første ledd, jamfør tredje ledd bokstav a til e og bokstav i.

Kommunen skal straks sende desse meldingane til Fylkesmannen.

Nokre kommunar sender i tillegg einskildmeldingar i andre situasjonar. Under følgjer ein orientering om korleis ulike situasjonar/hendingar skal handterast:

1. Der det er naudsynt å setje i gang omsorgstiltak med bruk av tvang før ein har fått godkjent vedtak.

I slike tilfelle må kommunen med ein gong kontakte spesialisthelsetenesta for bistand, greie ut andre løysingar og eventuelt fatte vedtak om planlagd bruk av tvang.

Kommunen må straks sende kort skriftleg orientering til Fylkesmannen med desse opplysningane:

- kva tiltak som vil bli gjennomført
- kvifor tiltaket må gjennomførast utan godkjent vedtak
- når vedtaket blir sendt Fylkesmannen for overprøving

Kommunen skal ikkje sende enkeltmeldingar i desse høva.

2. Der det er naudsynt å bruke skadeavverjande tiltak før ein har fått godkjent vedtak.

I slike tilfelle må kommunen i tillegg til å sende orientering som nemnd over fylle ut og sende enkeltmelding kvar gong tvang er nytta.

3. Der godkjent vedtak er gått ut og ein fortsatt har behov for å bruke planlagd tvang.
Kommunen må sende inn vedtak om bruk av tvang i god tid før godkjenningssperioden går ut. Ver merksam på at det kan gå inntil tre månader fra Fylkesmannen har fått vedtaket til vi har overprøvd og eventuelt godkjent det.

Periodar der tvangstiltak vert gjennomført utan godkjent vedtak svekker rettstryggleiken til tenestemottakar og bør ikkje skje. Skulle det likevel oppstå ein periode der vedtaket har gått ut og nytt vedtak enno ikkje er godkjent, må kommunen straks sende kort skriftleg orientering til Fylkesmannen med desse opplysningane:

- kva tiltak som vil bli gjennomført eller vidareført
- kvifor tiltaket må gjennomførast utan godkjent vedtak
- når vedtaket blir/blei sendt Fylkesmannen for overprøving

Dersom tvangen blir gjennomført som skadeavverjande tiltak i nødssituasjonar i denne perioden skal kommunen i tillegg sende enkeltmelding til Fylkesmannen.

Når omsorgstiltak blir gjennomførte i denne perioden skal kommunen ikkje sende enkeltmelding om dette til Fylkesmannen.

4. Der godkjent omsorgstiltak eller planlagd skadeavverjande tiltak er brukt utan at kompetansekrav hjå tenesteytarane er oppfylt.

Dersom det oppstår ein situasjon der kommunen må gjennomføre tvangstiltaka utan kvalifisert personale eller personale med dispensasjon til stades, til dømes ved sjukdom eller ferie, må kommunen journalføre manglende kompetanse.

Kommunen skal ikkje sende enkeltmeldingar i desse høva.

5. Der tvang er brukt (og formålet er å gje helsehjelp) som ledd i medisinsk behandling eller undersøking.

Når formålet med tvangstiltak er å gje helsehjelp, gjeld ikkje reglane i helse- og omsorgstenestelova kapittel 9. Derimot følgjer det av helsepersonellova § 7 at «øyeblikkelig hjelp» om nødvendig kan bli gjeve mot pasienten eller brukaren sin vilje. Planlagd medisinsk behandling, inkludert nødvendige tiltak for å få gjennomført behandlinga, kan berre bli gjeve frivillig eller med heimel i pasient- og brukarrettslova kapittel 4A. Eit slikt vedtak skal fattast av det helsepersonellet som er ansvarleg for helsehjelpa.

Kommunen skal ikkje sende enkeltmeldingar i desse høva.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen
seksjonsleiar

Torill Veftenstad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

